

Fra: Marthe Hammer (Marthe.Hammer@vlfk.no)

Sendt: 14.01.2021 22:27:41

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål til fylkesutvalet - pensjon

Vedlegg:

Spørsmål til fylkesrådmannen

Viser til RS sak 6/20 om kjenninga i Oslo byfogdembete når det gjeld oppfølging av fylkestingets vedtak om tenestepensjon, og tek denne til etterretning

Spørsmål 1: Kvifor er det ikkje er ei referatsak om at fylkeskommunen sitt avslag på innsyn til sakspapira til saka om tenestepensjon vart oppheva av fylkesmannen i brev av 17.desember 2020. I vedtaket står det at saka skal til ny handsaming i fylkeskommunen. Kvifor ligg ikkje dette føre som ei referatsak.

Fylkesmannen gjorde slikt vedtak 17.desember:

«Fylkesmannen opphever Vestland fylkeskommune sitt avslag på innsyn i saksframlegget for Fylkestinget og evalueringsrapport fra Pareto Forsikringsmegling AS datert 11.09.2020 i sak 2020/38029. Saken hjemvises for ny behandling i kommunen.»

Spørsmål 2: Kva har fylkeskommunen tenkt å gjere i den nye handsaminga? Vil alle sakspapira verte offentlege, på kva måte?

Spørsmål 3: Saka om tenestepensjon har vore unnateke offentlegheit gjennom heile prosessen, men kjennelsen i Oslo byfogdembete er tydeleg på at dei to tilbydarane hadde to jamngode tilbod, og at det var skjønnsmessige vurderingar som vart avgjerande for å velje den eine framfor den andre, og at det har fylkestinget rett til å gjere. Kva er fylkesrådmannen sine vurderingar rundt sakshandsaminga og offentlegheitas muligheit til å følgje med og diskutere ei så viktig og prinsipiell sak, når det no viser seg at ein ikkje får medhald frå fylkesmannen i at sakspapira skal vere unnateke innsyn?

Med vennleg helsing

Marthe Hammer

Gruppeleiar for SV i Vestland Fylkesting

Nestleiar utval for samferdsle og mobilitet, og medlem av fylkesutvalet

Tlf: 97672203